

KVINNHHERAD KOMMUNE
Rosendalsvegen 10
5470 ROSENDAL

Vår dato: 08.04.2021
Vår ref.: 202104085-2
Arkiv: 323
Dykkar dato: 16.02.2021
Dykkar ref.: 2020/1887-156

Sakshandsamar:
Toralf Otnes
95875035/toot@nve.no

NVE sitt innspel til varsel om oppstart av arbeid med områdereguleringsplan for Grøn næringspark - PlanID 20200005 - Kvinnherad kommune

Vi syner til brev datert 16.02.2021. Saka gjeld varsel om oppstart av arbeid med områdereguleringsplan for Grøn næringspark. Føremålet med planarbeidet er å sikre eit stort sentralt næringsareal til næringsaktørar med høge ambisjonar for grøn omstilling. Det er utarbeidd framlegg til planprogram for planarbeidet

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å forebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

Overvatn

Meir utbygging i nedbørfeltet gir større del tette flater. Dette kan føre til større avrenningsfart og større mengder vatn på terrengoverflata (overvatn). Ein slik auke kan i verste fall føre til flaum i byggeområda og i vassdraga. Det er viktig å vere merksam på at ny utbygging også kan vere til hinder for avrenning ovanifrå, som igjen kan føre til skader på bygningar og/eller leie overvatnet til stader som ikkje er ynskjeleg.

NVE rår til å bruke tretrinnsstrategien som verktøy for å handtere nedbør og overvatn, i hovudsak på overflata. Eit viktig prinsipp er å sikre ei så «naturleg» overvasshandtering som mogeleg. Opne løysingar er betre enn lukka løysingar. De må også avklare og ta omsyn til klimaendringane sin verknad på avrenninga.

De bør kartlegge eksisterande avrenningslinjer i og ved planområdet. Dersom det er nødvendig med konkrete krav om infiltrasjon og dryging av overvatn innanfor planområdet fordi nedstrøms kapasitet er

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



for dårleg, rår vi til at tiltaka vert innarbeidd i plankartet og føresegnene. Framtidige flaumvegar for trygg avleiing av overvatn bør visast i plankartet og sikrast tilstrekkeleg kapasitet.

Utfylling i strandsona kan utløyse skred

Planområdet ligg langs sjøen med ei lang strandsona. I NVE rettleiar [1/2019 Sikkerhet mot kvikkleireskred](#) er det eit eige kapittel (kap. 2.8) om aktsemd i strandsona. Der står det at skred i sjø kan utløysast i alle typar lausmassar. Det kan vere svært vanskeleg å sjå konsekvensane av ei lokal overbelastning i sjø. Difor rår rettleiaren til at det alltid vert gjennomført grunnundersøkingar og geoteknisk detaljprosjektering for å vurdere skredfare og stabilitet for tiltak i strandsona. Vi rår dykk til å sette slike krav i føresegnene til planen, sjølv om ROS analysen skulle konkludere med at det ikkje er fare for områdeskred av kvikkleire.

Generelle råd

Ved oppstart av planarbeidet rår vi til å nytte følgjande rettleiarar og verktøy:

- [Kartbasert sjekklister – NVE-tema](#) – kartbasert rettleiing for reguleringsplan
- [NVE sine karttenester](#) viser informasjon om flaum- og skredfare, vassdrag og energianlegg
- [NVE rettleiar 2/2017 Nasjonale og vesentlege regionale interesser innan NVEs saksområder i arealplanlegging](#) skildrar korleis desse interessene bør takast i vare i planen, slik at ein unngår motsegn.
- [NVE retningslinje 2/2011 Flaum- og skredfare i arealplanar](#) skildrar kva flaum- og skredprosessar som kan medføre fare, og korleis desse farane bør utgreiast og innarbeiddast i planen.
- [NVE si sjekklister for reguleringsplan](#) kan vere eit nyttig verktøy, for å sikre at alle relevante saksområde er vurdert.
- [Miljødirektoratet sin rettleiar om overvatn](#) gir nyttige tips om handtering av overvatn i arealplanlegging.
- [Klimaservicesenteret/klimaprofilane](#) gir eit kortfatta samandrag av dagens klima, forventa klimaendringar og klimautfordringar
- [Statlege planretningslinjer for klima og energiplanlegging og klimatilpassing](#) av 28.09.2018 gir føringar for korleis kommunane skal ivareta klimaendringar i planlegginga.
- For vurdering av overvatn kan også følgjande [publikasjonar frå Norsk Vann](#) vere aktuelle. Norsk Vann sin rettleiar A162 – «*Veiledning i klimatilpasset overvannshandtering*» og Norsk Vann sin rapport B22 - «*Vann og avløp i arealplanlegging og byggesaksbehandling*».

Fleire nyttige rettleiarar og verktøy er tilgjengeleg på www.nve.no/arealplan.

Med helsing

Ann-Kristin Larsen
seksjonssjef

Toralf Otnes
senioringeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.



Kopi til:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND